



DET NYNORSKE TEKSTMANGFALDET

Les nynorskelevane nok nynorsk?

Nynorskelevane les lite nynorsk på fritida, men dei fleste les dagleg tekstar på bokmål. Nynorsk møter dei så å seie berre på skulen (Eiksund, 2011). Mange nynorskelevar opplever at «alt» er på bokmål i radio, fjernsyn, aviser, magasin, skjønnlitteratur og tekster på Internett. Denne bokmålsdominansen på nesten alle samfunnsarenaer gjer at mange blir flinkare i sidemålet enn i hovudmålet. Nokre elevlar vel å byte frå nynorsk til bokmål når dei kjem på ungdomsskule og vidaregåande på grunn av dette (Utdanningsdirektoratet, 2014).

Ei undersøking av nynorsk som hovudmål frå 2014 var retta mot tre skular i område som er såkalla randsoner for nynorsken (Utdanningsdirektoratet, 2014). Målet var å kartlegge kvifor så mange av elevane bytte frå nynorsk til bokmål i løpet av ungdomsskulen og vidaregåande skule. Undersøkinga viste at utviklinga i undervisninga for mange av nynorskelevane gjekk frå nynorsk på barneskulen til stadig meir bokmål. Gjennom skuleløpet møtte dei stadig mindre nynorsk språk i skulen. Også elevane som valde å halde på nynorsken, opplevde vanskar med å skrive god nynorsk. Dei forklarte dette med at nesten alt dei les, er på bokmål (ibid.).

Dersom nynorskelevane også på skulen les større tekstmengder på bokmål, blir den totale mengda av nynorske tekstar enda mindre. Nynorskelevane treng å lese så mykje nynorsk som råd, også utanom skulebøkene.

Rett til læremiddel og opplæring på hovudmålet

Elevane har rett til å få læremiddel på hovudmålet sitt. Denne retten er lovfesta i opplæringslova. «Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa.» (Forskrift til opplæringslova § 17-1). Dette gjeld lærebøker, men også digitale læremiddel som til dømes programvarer, nettressursar og appar som er utvikla for bruk i skulen.

Det er skuleeigaren sitt ansvar å sikre at elevane får oppfylt retten til læremiddel på si målform. Skuleeigar skal ha eit forsvarleg system for å sikre at desse rettane blir oppfylte. I nynorsk kommunar er det viktig at ein spør etter nynorskversjonen når ein bestiller eller handlar inn digitale læremiddel som er utvikla til bruk i undervisninga.

Ifølgje opplæringslova skal hovudmålet nyttast i skriftleg opplæring og skriftlege arbeid (opplæringslova § 2-5). Elevane med nynorsk som hovudmål skal skrive nynorsk i skriftlege oppgåver. Kjeldetekstane påverkar språket i elevane sine tekstar, og mellom anna difor er det viktig at elevane får lese så mykje som råd av fagstoffet på nynorsk. Det kan vere med på å gje eit godt grunnlag til god nynorsk språkkompetanse.

På leit etter aktuelle, nynorske tekstar

På ungdomstrinnet intensiverer ein ofte arbeidet med å skrive fagtekstar i ulike sjangrar, og ein har eit stort behov for modelltekstar til elevane si skriveopplæring. Noko vi som lærarar kan gjere for å gje elevane god nynorsk tekstkompetanse, er å gje dei tilgang til variert litteratur og aktuelle fagtekstar på nynorsk – tekstar som dei har lyst til å lese og likar å lese (Fretland og Søyland, 2013). Vi må også jobbe med tekstane i lag med dei, slik at dei får gode strategiar til å forstå og gjere seg nytte av innhaldet teksten formidlar.

Det kan både vere krevjande og mykje arbeid å finne fram til gode nynorske fagtekstar som modellerer ulike sjangrar og teksttypar for elevane. Utvalet av nynorske barne- og ungdomsbøker er magert om ein samanliknar med bokmål, og lærarar strevar med å finne aktuelle tekstar utanom lærebøkene på nynorsk (Nordal, 2017). Det er eit mål i læreplanen at elevane skal «orientere seg i store tekstmengder på skjerm og papir» (NOR1-05). Ein greier kanskje å finne desse mengdene på bokmål, men det kan vere vanskelegare å finne relevante tekstar til elevane på nynorsk.

Kvar kan vi finne aktuelle, nynorske tekstar?

Vidare ser vi nærmare på stader der vi kan finne både skjønnlitteratur og aktuelle fagtekstar på nynorsk:

Saktekstar, reklamar, teikneseriar, blogggar og musikk på Nynorsksenteret sine sider

Nynorsksenteret jobbar kontinuerleg med å leite fram tekstar som passar for elevar i grunnskule og vidaregåande. På nettstaden www.nynorsksenteret.no finn de tekstar i mange sjangrar. Under fana «saktekstar» ligg det lenkjer til nynorske saktekstar og nettstader med nynorske saktekstar. Der ligg også ei samling med nynorske reklamar. Nettstaden har ein omfangsrik presentasjon av nynorske teikneseriar, fleire nynorske teikneseriar til nedlasting og døme på korleis ein kan arbeide med dette i skulen. På nettstaden finn ein også ei liste over nynorske blogggar for målgruppa – blogggar som blir oppdaterte jamleg. Senteret har laga spelelister for Tidal og Spotify med nynorsk populærmusikk, lister med nynorsk julemusikk og eigne spelelister som er delte inn etter forfattarnamn. I spelelistene etter forfattarnamn finn ein musikk som er basert på tekstar av nynorske forfattarar som Olav H. Hauge, Ragnar Hovland, Aslaug Vaa, Edvard Hoem, Halldis Moren Vesaas og fleire.

Over 900 boktips til nynorske bøker

www.nynorsk bok.no er Nynorsksenteret sin nettstad med over 900 boktips til gode, nyare nynorskbøker for barn og ungdom. Her finn ein tips til bøker for ulike lesargrupper. Ein kan søke både etter tittel, forfattar, anbefalt alder og sjanger/kategori. På sida finn ein også videoboktips og podkasten «bakom boka» der forfattarar som Ruth Lillegraven, Anders Totland og Atle Hansen er intervjuja. Der er også oppdaterte boktipshefte for nedlasting, for både barnetrinn, ungdomstrinn og vidaregåande.

Oppslagsverk og digital læringsarena



www.allkunne.no er eit nynorsk oppslagsverk på Internett, der alle artiklane er skrivne og kvalitetssikra av fagfolk, redaksjon og språkvaskarar. Dei skriv og publiserer om alle moglege emne, men førebels er det nynorsk litteraturhistorie, norsk samtidslitteratur, norsk historie, språk i verda og aktuelle biografier og emne frå samfunn og politikk som er best dekte. Sidene kan brukast på eksamen i norsk skriftleg.

Nynorsk Wikipedia www.nn.wikipedia.com blir også kalla «Det frie oppslagsverket». Der ligg det over 140 000 artiklar. Der er ein eigen peikar til det dei kallar «gode artiklar». Dette er artiklar som er granska og retta i samsvar med krava til kva som er ein god artikkel.


Nasjonal digital læringsarena, www.ndla.no, tilbyr fritt tilgjengelege og opne digitale ressursar for vidaregåande opplæring.

Målet er å lage gode digitale læremiddel for alle fag i vidaregåande opplæring. Fleire av ressursane er tilgjengelege på nynorsk.

Aviser og magasin

www.framtida.no er ei nynorsk debatt- og nyhendeavis for ungdom på nett med eit dagsaktuelt innhald tilpassa målgruppa. Avisa skal vere ein viktig arena for unge sine meiningar, og ho ser nyhende frå ein ung synsvinkel. Avisa vart starta opp i 2010 og blir omtala som den viktigaste tilveksten til nynorsk nyhendejournalistikk etter 2000.

www.magasinet.no er ein seksjon under Framtida.no. Nettavisa har aktuelle og meir tidlause artiklar for elevar i ungdomsskulen og vidaregåande. Magasinet har reflekterande tekstar i tillegg til reportasjar og fleire teikneseriar.



Faktafyk er eit sakprosamagasin som er laga for, saman med og delvis av ungdom. Det er Foreningen!les som har ansvar for projektet. Delar av tekstane i magasinet er på nynorsk. På nettsida www.faktafyk.no finn ein tekstar, aktivitetar og lærarrettleiing.

Hausten 2017 kom første utgåva av papiravisa Framtida junior. Dette er ei nynorskavis for barn, og både innhald og format minner om avisa Aftenposten junior. Delar av stoffet i denne avisa kan vere aktuelt for elevar på ungdomsskulen/vidaregåande som finn det vanskeleg å lese lange tekstar. Framtida junior har også ei nettavis: www.framtidajunior.no



Nysgjerriger er Forskningsrådet sitt tilbod til barn og unge. Det er særleg retta mot elevar og lærarar i barneskulen. I Nysgjerriger-bladet finn ein fagtekstar om forskning og eksperiment. Fleire av tekstane er på nynorsk. Bladet kan ein lese gratis på nett: www.nysgjerriger.no

Dag og Tid kjem ut ein gong i veka og er den einaste riksdekkjande nynorskavisa. Avisa er politisk sjølvstendig, men med ein klår motstraums og målpolitisk profil. Ho legg vekt på stoff om kultur og politikk og gjev plass for innlegg og artiklar som dekkjer eit breitt spekter av samfunnsoppfatningar. Avisa har også nettavisa www.dagotid.no

Nettsidene til nrk.no har mykje redaksjonelt stoff på nynorsk.

Fleire av tekstane under fana "Langlesing fra NRK kultur" er på nynorsk. Der finn ein djuptgåande reportasjar om trendar og livsstil, intervju med kulturpersonar som samtidskunstnarar, skodespelarar, arkitektar og musistar. Der er også faglege artiklar om historiske og samtidige tema, sjå www.nrk.no/kultur/langlesing Dei nynorske tekstane er samla på nettstaden til Nynorsksenteret under fana «Saktekstar».

Syn og Segn er eit nynorsk tidsskrift for kultur, samfunn og politikk. Syn og Segn har ei variert blanding av kjende tema og kuriøse tekstar. Syn og Segn omtalar seg sjølv som eit tidsskrift som representerer både nisse, folkekultur og motkultur. Store delar av artiklane frå tidsskriftet ligg ope tilgjengelege på nettstaden www.synogsegn.no

NRK Sogn og Fjordane har nynorsk som redaksjonsspråk, og i mange kommunar med nynorsk som hovudmål er redaksjonsspråket i lokalavisene nynorsk. Her kan ein finne aktuelt stoff frå elevane sin eigen kvardag. Firda er den største nynorskavisa, men også nokre av dei store regionale avisene som Sunnmørsposten og Bergens Tidende har mykje aktuelt og redaksjonelt stoff på nynorsk. Det gjeld også dei riksdekkjande avisene Klassekampen og Vårt Land.

Ressursar om språk og sjanger

www.norsksidene.no er nettsider med nynorsk innhald som er nyttige å vite om når elevane skal lese fagtekstar og skrive tekstar i ulike sjangrar.

Nynorsksenteret samla for nokre år tilbake ei rekkje sakprosaetekstar i fleire sjangrar på nettstaden Tekstbasen: <https://tekstbasen.nynorsksenteret.no>

På www.aasentunet.no finn ein mange tekstar om nynorske forfattarar, norsk språkhistorie og nynorsk pressehistorie. Aasen-tunet har også laga ei nettutstilling for ungdommar som dei kallar «Rekvisittar for eit liv». Der blir 20 av Ivar Aasens gjenstandar presenterte med bilete, utdrag frå Ivar Aasen sine tekstar, ein kulturhistorisk tekst om kvar gjenstand og 20 nyskrivne forfattartekstar, ein tekst til kvart bilete. www.allmenning.no/rekvisittar

Antologiar

www.tidforti.no er nettstaden til ein nasjonal leseaksjon for elevar på 7. trinn frå Foreningen !les. Le-seaksjonen inneheld ein antologi med tekstutdrag frå gode bøker på nynorsk tilpassa målgruppa. På nettsida finn ein tekstane frå antologien, lydfiler av utdraga, bonusmaterieil, aktivitetar og lærarrett-leiing.

Til slutt vil vi også trekkje fram to samlingar av tekstar som ikkje er nettsider, men antologiar med aktuelle tekstar.

#nynorsk er ei tekstsamling med gode samtidstekstar i ulike sjangrar, som er skreddarsydd for arbeid med nynorsk i undervisninga. Her finn du eit rikt og variert utval av mellom anna leksikontekstar, essay, noveller, romanutdrag, teikneseriar, blogginnlegg, songtekstar og lyrikk.

Ren poesi er ei diktsamling med klassisk og moderne poesi – om alt frå kjærleik, kvardagstrøbbel, humor og sagn. Fleire av dikta er på nynorsk. *Ren poesi* har også ein diktkonto på Instagram med over 100 000 følgjarar: @renopesi.

Referansar

Eiksund, H. (2011). Med nynorsk på leselista: ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet.

Fretland, J. O. og A. Søyland. (2013). *Rett og godt. Handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Samlaget.

Lovdata. (u.d.). Forskrift til Opplæringslova. Henta frå Lovdata: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_20#KAPITTEL_20

Lovdata. (u.d.). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Henta frå Lovdata: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_10#KAPITTEL_10

Nordal, A.L. (2017). Meir nynorsk for nynorskelevane. I B. Fondevik & P. Hamre, Norsk som reiskaps- og danningdag (ss. 239-257). Oslo: Samlaget.

NOR1-05. (u.d.). Henta frå Læreplan i norsk: <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Utdanningsdirektoratet. (2014). Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. PROBA samfunnsanalyse.



